

Arbeidsutvalet - Interkommunal plan for sjøareal i Nordhordland

Møte: 8-2021
Tid: Fredag 21. mai kl. 09.00 – 10.30
Stad: Teamsmøte

Til stades:

Arbeidsgruppa:	Kristin Nåmdal (Alver), Asbjørn Toft (Austrheim), Jan Torry Sande (Fedje), Ingvild Høydal (Gulen), Sveinung Toft (Masfjorden), Pelle Engesæter (Osterøy), John Hoshovde (Vaksdal)
Andre:	Hans Kristian Dolmen (HK), Bent Gunnar Næss (BG), Terje Villanger
Referent	Bent Gunnar Næss
Forfall	Jo Bjarte Tømmerbakke (Modalen),

Sak 23/21	Godkjenning – saksliste og innkalling Vedtak: Det var ingen merknad til saksliste og innkalling.
Sak 24/21	Referat – forrige møte Referatet var sendt ut tidlegare for kommentarar. Vedtak: Referatet vart godkjent.
Sak 25/21	Planprogrammet – høyring – status Det er motteke 45 innspel. Frist for å kome med innspel var 10.05.2021. Der er nokon innspel som har kome etter fristen og det er valt å ta dei med fordi det har ikkje forsinka sakshandsaminga. I høyringsbrevet vart det peika på følgjande: «Det er to ting som vert etterspurt i denne høyringa: <ul style="list-style-type: none">• Innspel og kommentarar til sjølve planprogrammet• Innspel til planinnhald/arealbruken» I denne gjennomgangen er det fråsegna som gjeld sjølve planprogrammet som er vektlagt slik at det interkommunale planutvalet kan få vedteke planprogrammet. Innspel til arealbruken vil bli tatt med i det vidare arbeidet når ein skal sjå på arealbruken. Gjennomgangen av innspela til sjølve planprogrammet vil bli gjort det kapittelvis for planprogrammet og det vert ein vurdering om planprogrammet bør endrast og forslag til ny tekst. Det må også gjerast ein vurdering av innspela på areal om dei er innafør eller utanfor det som planprogrammet gir rom for. Arbeidsgruppa har fått oversendt alle innspela og eit rekneark som viser kven som har sendt inn og stikkord/oppsummering av innhaldet.

	<p>Det er IKPU som skal vedta planprogrammet. Det vert laga ei innstilling til IKPU som arbeidsgruppa stiller seg bak.</p> <ul style="list-style-type: none"> • Ei saksutgreiing som viser dei innspela som går på sjølve planprogrammet – med ei vurdering og forslag til endring i planprogrammet • Revidert planprogram <p>Arbeidsgruppa var samde om at ein må sikre at alle innspela vert handsama på ein forsvarleg måte. Møte i IKPU vert forskyve til veke 25. Det gir rom for at arbeidsgruppa kan få gjort eit grundig nok arbeid med revideringa av planprogrammet.</p>
Sak 26/21	<p>Innkjøp konsulent - status</p> <p>Status for arbeidet.</p> <p>Det vart sendt ut anbudsforespørsel til 5 firma:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Multiconsult • Norconsult • Asplan Viak • Sweco • Rambøll <p>Med unntak av Sweco har alle sendt inn tilbod.</p> <p>Er i gang med å sjå på og vurdere dei innsendte tilboda.</p> <p>Målet er å få på plass ein avtale i løpet av veke 23.</p>
Sak 27/21	<p>Diverse saker</p> <p>Faktagrunnlaget – oversikt – innholdsliste – gjennomgang – og innspel Planen er å sende det til ulike aktørar som kan fylle ut. Vil bli jobba meir med før det vert sendt ut.</p> <p>Planforum – nytt møte til hausten – avklare tema seinare</p> <p>Framdriftsplan – harmoniserast med andre planar i kommunane – legg inn aktuelle planar – ligg eit rekneark på Tems i mappa «6 Framdrift»</p>
Sak 28/21	<p>Eventuelt</p> <p>Neste møte i arbeidsgruppa – 8. juni kl 09.00</p> <p>IKPU sitt møte vert forsøkt flytta frå 8. juni til veke 25</p> <p>Knarvik, 21. mai 2021</p>